



Fylkesmannen i  
Hordaland

# TILSYNSRAPPORT

## Skulebasert vurdering

Hordaland fylkeskommunekommune – Olsvikåsen videregående skole

## **Innhold**

|   |   |
|---|---|
| 1. Innleiing .....  | 3 |
| 2. Om tilsynet med Hordaland fylkeskommunekommune – Olsvikåsen videregående skole ..... | 3 |
| 2.1 Fylkesmannen fører tilsyn med offentlege skular.....                                | 3 |
| 2.2 Tema for tilsyn .....   | 3 |
| 2.3 Om gjennomføringa av tilsynet.....  | 4 |
| 3. Skulebasert vurdering .....  | 4 |
| 3.1 Rettsleg krav .....   | 4 |
| 3.2 Fylkesmannens funn og vurderingar .....   | 5 |
| 3.4 Fylkesmannens konklusjon.....   | 7 |

## **1. Innleiing**

Fylkesmannen opna 25.06.2015 tilsyn med skulebasert vurdering ved Olsvikåsen videregående skole, Hordaland fylkeskommune.

Det er fylkeskommunen som har det overordna ansvaret for at krava i opplæringslova blir etterlevde, jf. opplæringslova § 13-10 første ledd. Hordaland fylkeskommune er derfor adressat for denne tilsynsrapporten.

## **2. Om tilsynet med Hordaland fylkeskommunekommune – Olsvikåsen videregående skole**

### **2.1 Fylkesmannen fører tilsyn med offentlege skular**

Fylkesmannen fører tilsyn med fylkeskommunen som offentlig skuleeigar, jf. opplæringslova § 14-1 første ledd. Fylkesmannens tilsyn på opplæringsområdet er tilsyn med det lovpålagde, jf. kommunelova § 60 b.

Fylkesmannens tilsyn med offentlege skular er utøving av myndigheit og skjer i samsvar med reglane for dette i forvaltningsretten.

I dei tilfella der Fylkesmannen konkluderer med at eit rettsleg krav ikkje er oppfylt, blir dette sett på som lovbrøt, uavhengig av om det er opplæringslova eller forskrifter fastsett i medhald av denne lova som er brotne.

### **2.2 Tema for tilsyn**

Temaet for tilsynet er skulebasert vurdering. Skulebasert vurdering er skolens jamlege vurdering av eiga verksemd og måloppnåing. Vurdering av eiga verksemd inneber at skolen skal vurdere organiseringa, tilrettelegginga og gjennomføringa av opplæringa.

Elevvurdering, skulebasert vurdering og nasjonal vurdering skal ein sjå i samanheng. Dei ulike formene for vurdering skal samla sett utfylle kvarandre og medverke til at den enkelte eleven blir motivert til å ta i bruk sine evner og anlegg, og at dei nasjonale måla for opplæringa styrer arbeidet i skolen (Stortingsmelding 47 1995-1996). Det overordna formålet med tilsynet er at skulebasert vurdering på denne måten medverkar til at elevane får eit godt utbytte av opplæringa.

Tilsynet skal medverke til at fylkeskommunen som skoleeigar syter for at skolen ved skulebasert vurdering

- har gode kjelder og relevant informasjon om elevane si måloppnåing
- avdekkjer årsaka til manglande måloppnåing og gjennomfører endringar
- sikrar ein brei medverknad i gjennomføringa
- gjennomfører vurderinga jamleg

Manglande eller mangelfull gjennomføring av skulebasert vurdering kan føre til at skolen ikkje har god kunnskap om måloppnåing, og kva som eventuelt er årsaka til at måla ikkje blir nådde. Dette kan igjen føre til at skolen ikkje gjer noko med lite tilfredsstillande organisering, tilrettelegging eller gjennomføring av opplæringa. Elevane får dermed ikkje det utbyttet av opplæringa som dei elles kunne fått.

### **2.3 Om gjennomføringa av tilsynet**

Tilsyn med Hordaland fylkeskommune vart opna gjennom brev av 25. juni 2015.

Fylkesmannens vurderingar og konklusjonar er baserte på skriftleg dokumentasjon og opplysningar frå intervju, sjå vedlegg.

Fylkesmannen har innhenta eigenvurdering i RefLex av verksemda på skulen frå rektor og lærarar. Det blei gjennomført intervju av rektor og 12 lærarar 2. og 3. februar 2016.

## **3. Skulebasert vurdering**

### **3.1 Rettsleg krav**

Under er dei rettslege krava som Utdanningsdirektoratet har utarbeidd for tilsynet med skulebasert vurdering. Alle dei rettslege krava byggjer på forskrift til opplæringslova § 2-1.

*Skolen skal vurdere kva for eit kunnskapsgrunnlag som blir kravd for å vite om måla i læreplanverket er nådd av alle elevgrupper.*

Skolen skal jamleg vurdere om organisering, tilrettelegging og gjennomføring av opplæringa medverkar til at elevane når måla i Læreplanverket for Kunnskapsløftet, jf. forskrift til opplæringslova § 2-1. For at skolen skal kunne vurdere om elevane når måla, må dei etablere eit kunnskapsgrunnlag. Skolen må vurdere kva for grunnlag som gjev eit godt bilete av om alle elevgruppene når måla. I tillegg til eigne kjelder og undersøkingar er Elevundersøkinga, nasjonale prøver og eksamensresultat aktuelle kjelder. Når skolen har fått eit kunnskapsgrunnlag, må dei bruke dette til å vurdere i kva grad elevane når måla for opplæringa. Skolen kan til dømes samanlikne måloppnåing med tidlegare målingar for skolen, andre skular og gjennomsnittleg nivå kommunalt og nasjonalt. Dette kan gje skolen eit grunnlag til å reflektere over i kor stor grad elevane har nådd måla, og om det er behov for endringar.

*Skolen skal vurdere organiseringa, tilrettelegginga og gjennomføringa av opplæringa basert på konklusjonen om elevane si måloppnåing frå relevante kjelder.*

Den skulebaserte vurderinga skal gje skolen informasjon om deira arbeid og organisering medverkar til at elevane når måla i læreplanverket. Dersom skolen konkluderer med at måloppnåinga ikkje er god nok, må skolen vurdere organiseringa, tilrettelegginga og gjennomføringa av opplæringa. Vurderinga skal identifisere kva for endringar som best kan auke måloppnåinga for elevane. Det er derfor viktig at kunnskapsgrunnlaget er relevant.

*Skolen skal setje i verk endring dersom den skulebaserte vurderinga viser behov for det.* Formålet med den skulebaserte vurderinga er å auke måloppnåinga på skolen. Når skolen gjennom vurderinga avdekkjer manglar og forbetningsområde, må han syte for å setje i verk endringar på dei områda som effektivt kan auke måloppnåinga.

*Skolen skal ha ein brei og representativ medverknad i arbeidet med skulebasert vurdering.*

Skolen må involvere dei partane det gjeld både i analysen og i arbeidet med konklusjonen. Det er særleg viktig å involvere lærarane. Lærarar gjennomfører opplæringa og er dei som har best kunnskap om den opplæringa skolen gjev. For å kunne vurdere årsaka til ei eventuelt utilstrekkeleg måloppnåing, er synspunkta frå lærarane nødvendige. Skolen kan òg involvere elevane i arbeidet med skulebasert vurdering. Skolen vurderer elles kven som skal delta ut frå dei tema som blir tekne opp.

*Skolen skal gjennomføre den skulebaserte vurderinga jamleg.*

Den skulebaserte vurderinga må planleggjast og utførast systematisk i samsvar med føresetnadene, jf. dei føregåande krava til å gjennomføre vurderinga . Skolen må gjennomføre skulebasert vurdering jamleg, jf. forskrift til opplæringslova § 2-1. I utgangspunktet skal vurderinga gjennomførast årleg, men ein må bruke skjønner der tidsbruken blir vurdert opp mot det forsvarlege.

### **3.2 Fylkesmannens funn og vurderingar**

Fylkesmannen legg følgjande dokument til grunn i tilsynet med det skulebaserte vurderingsarbeidet ved Olsvikåsen vidaregåande skole, i tillegg til informasjon frå eigenvurdering i RefLex og intervju:

1. System for versemdbasert vurdering og oppfølging av dei vidaregåande skolane. Hordaland fylkeskommune, Opplæringsavdelinga.
2. Styringsdokument for det pedagogiske utviklingsarbeidet ved dei vidaregåande skolane (Hordaland fylkeskommune)
3. Verksemdbasert vurdering – innhald i skulebesøka (Hordaland fylkeskommune)
4. Referat frå skulebesøk 2015
5. Skulen sin tilstandsrapport
6. Elevundersøkinga
7. Resultat av kartleggingsprøver
8. Undervisningsevaluering
9. Rapportering 1 og IV
10. Elevresultat (standpunkt og eksamen)
11. Gjennomføringsprosent og fraværstatistikk

Hordaland fylkeskommune, opplæringsavdelinga, har lagt ved dokumentasjonen til Fylkesmannen «System for verksemdbasert vurdering og oppfølging av dei vidaregåande skolane.» Systemet inneheld system for verksemdbasert vurdering og oppfølging av det pedagogiske utviklingsarbeidet. Det legg opp til at skulan blir oppfordra til å ha ein utviklingsplan knytt til utviklings- og vurderingsarbeidet, som skal vere skulen sitt planleggings- og styringssverktøy. Planen skal ta opp i seg nasjonale prioriteringar og føringar frå skuleeigar. Skulen skal vidare utarbeide ein tilstandsrapport, for å vurdere eigne resultat og prioritere mål og tiltak. Det går fram av skuleeigar sitt system at formålet med systematisk tilstandsvurdering er at skulen med utgangspunkt i klasserommet skal vurdere i kva grad praksis og resultat er i samsvar med måla skulen skal realisere. Det siste punktet i «System for versemdbasert vurdering og oppfølging av dei vidaregåande skolane.», er dialog mellom skulane og skuleeigar om pedagogisk kvalitetsvurdering og kvalitetsutvikling.

Hordaland fylkeskommune har også lagt ved styringsdokument for det pedagogiske utviklingsarbeidet 2013-2015 og 2016-2018. Dokumentet inngår i system for verksemdsbasert vurdering. Skuleeigar har også utarbeidd mal for tilstandsrapport som skulane skal utarbeide.

Olsvikåsen videregående skole har lagt fram for tilsynet styringsdokument frå skuleeigar for det pedagogiske utviklingsarbeidet ved dei vidaregåande skulane. Dokumentet gjer greie for at hovudmål for den vidaregåande opplæringa i Hordaland 2013-2015 har vore auka læringsutbytte og fullføring. Prioriterte tiltaksområde har vore auka gjennomføring, klasseleiing, vurdering for læring og bruk av IKT i læringsarbeidet.

Olsvikåsen videregående skole har ein utviklingsplan for skuleåret 2015-16 som innhaldsmessig speglar skuleeigar sin ved at den har som satsingsområde auka gjennomføring, klasseleiing, vurdering for læring og digital kompetanse. Rektor viser til i eigenvurderinga at desse områda er hovudtema i den skulebaserte vurderinga.

Gjennom styringsdialogen med skuleeigar vurderer skulen eigen ønska praksis og om det er trong for organisatoriske endringar. Styringsdialogen skjer mellom anna ved årlege skulebesøk frå opplæringsavdelinga. Dokumentet «Verksemdsbasert vurdering - Innhald i skulebesøka» er utarbeidd av skuleeigar og gir klare føringar for mål med og program for møtet. Hovudtema i møtet er skulen sitt arbeid med prioriterte utviklingsområde, tema knytt til innverknad på eleven sitt læringsutbytte og fullføring og prosessen med tilstandsvurdering og tiltaksutvikling. Det er lagt fram for tilsynet referat frå møtet frå skulebesøker 2014/2015.

Skulen utarbeider årleg ein tilstandsrapport, basert på mal frå skuleeigar. Tilstandsvurderinga til skulen byggjer mellom anna på informasjon frå Skoleporten, Extens, PULS, kartleggingsprøver, og elevundersøkingar. PULS gir særleg informasjon om fråver og gjennomføring og læringsresultat. I tilstandsrapporten vurderer skulen si eiga verksemd i høve prioriterte tiltaksområde i styringsdokument frå skuleeigar. Det går fram av rapporten kva kunnskapsgrunnlag som er nytta for vurderinga, og kva utfordringar skulen må arbeide vidare med. Skulen gjer også greie for prosessen knytt til tilstandsvurderinga. Det blei opplyst at skuleeigar gir tilbakemelding til skulen på tilstandsrapporten.

Skulen har eit system som sikrar jamleg rapportering frå lærarar til skuleleiinga om elevar som har karakteren 1 og IV (ikkje vurderingsgrunnlag). Det er dokumentert med malar og lister. Eksamensresultat og resultat frå elevundersøkinga og undervisningsevalueringa blir også tillagt stor vekt i skulens vurderingsarbeid. Fylkesmannen finn etter dette at skulen nyttar eit relevant kunnskapsgrunnlag som grunnlag for den skulebaserte vurderinga.

Resultat av den skulebaserte vurderinga ved Olsvikåsen videregående skole har mellom anna vore satsing på vurdering for læring og kollegabasert rettleiing. Det kom fram av intervju og eigenvurdering at satsing på klasseleiing blei gjort fordi det gjekk fram av elevundersøkinga at uro var ei utfordring i mange klassar. Eit av tiltaka i denne samanheng har vore kollegabasert rettleiing.

Resultata frå elevundersøkinga har vist at skulen har ei utfordring ved at elevane ikkje er godt nok involvert i eige læringsarbeid, blant anna med eigenvurdering, og at lærarane

kan gi betre framovermeldingar til elevane. Lærarane har derfor arbeidd med å betre vurderingsordningar for elevane, og det er særskilt prøvd ut ulike ordningar for eigenvurdering av læringsarbeidet. Dette arbeidet går fram av skolens utviklingsplan.

Skulen har også sett i gang nye læringsarenaer for elevane, som «mattesuppe og fagsnacks». Dette er tilbod som gir ekstra oppfølging i enkelte fag. I tillegg har yrkesfag studieverkstad, som er ei særskilt tilrettelegging for elevar som har faglege utfordringar. Skulen kan dokumentere at det har vore reduksjon i talet elevar som får 1 og IV.

Fylkesmannen finn det dokumentert at skulen set i verk endring når den skulebaserte vurderinga viser at det er trong for det.

I eigenvurderingane og intevju blir det vist til at skulen har eit aktivt elevråd som er involvert i alle viktige saker ved skulen. Elevane har blant anna utarbeidd dokumentet «Den gode time». Resultata frå brukarundersøkingane som elevane svarar på, blir lagt til grunn for å vurdere organisering, tilrettelegging og gjennomføring av arbeidet i klasseromma. Rektor viser til at i skulebesøket til skuleeigar tek lærarar, elevar og leiing saman del i møtet med opplæringsavdelinga.

Møtestrukturen, jf. skulens OU-prosjekt, sikrar også deltaking frå lærarane. Det går fram av intervju og eigenvurdering at personalet jobbar kontinuerleg med utviklingsplanen gjennom året, der pedagogisk plattform og satsingsområde er nedfelt. Utviklingsplanen synleggjer også resultatmål, ansvar og evaluering. Arbeid med utviklingsplanen skjer særleg i fellestida, som er sett av til pedagogisk utviklingsarbeid. Fellesmøter og planleggingsdagar blir brukt til kompetanseheving og arbeid med prioriterte utviklingsområde.

Fylkesmannen vurderer at møtestrukturen ved skulen, slik den går fram av OU-dokumentet og slik det blir praktisert, medverkar til systematisk samhandling i organisasjonen. Arbeidet med utviklingsplanen til skulen er eit døme på at personalet sine synspunkt og innspill blir tatt med i beslutningar. Det gjekk fram av intervju og eigenvurderinga at det er ei felles oppleving av at utviklingsplanen er eit levande dokument som endrast i takt med resultat av skulen si vurdering av verksemda.

Fylkesmannen finn vidare at skulen gjennomfører skulebasert vurdering jamleg, det går fram av den dokumenterte praksisen i arbeidet med utviklingsplanen, arbeidet med tilstandsrapporten og dei årlege skulebesøka.

### **3.4 Fylkesmannens konklusjon**












































Fylkesmannen finn at Olsvikåsen videregående skole følgjer krava i forskrift til opplæringslova § 2-1 om skulebasert vurdering.

Bergen 19.04.2016

Hanne Melander  
tilsynsleiar

Jon Fjeldstad  
seniorrådgjevar

## Dokumentasjonsgrunnlag:

|   |
|---|
|  Skolebasert vurdering - Skoleledelsen - 2015-12-02                                  |
|  Vedlegg 1 - Olsvikåsen videregående skole - Styringsdok_2013-15                     |
|  Vedlegg 2 - Olsvikåsen videregående skole - Verksemdbasert vurdering_innhald i s    |
|  Vedlegg 3 - Olsvikåsen videregående skole - Referat VBV skolebesok 2014             |
|  Vedlegg 4 - Olsvikåsen videregående skole - Utviklingsplan 2015 - 2016              |
|  Vedlegg 5 - Olsvikåsen videregående skole - Elevundersøkelsen - tiltak på skole     |
|  Vedlegg 6 - Olsvikåsen videregående skole - Elevundersøkelsen 2014-15 arbeidsnot    |
|  Vedlegg 7 - Olsvikåsen videregående skole - Samlerapport 2014 2015 sammenligning    |
|  Vedlegg 8 - Olsvikåsen videregående skole - OU-dokument 2013                        |
|  Vedlegg 9 - Olsvikåsen videregående skole - En god lærer                            |
|  Vedlegg 10 - Olsvikåsen videregående skole - En god klassens time                   |
|  Vedlegg 11 - Olsvikåsen videregående skole - Den gode time                          |
|  Vedlegg 12 - Olsvikåsen videregående skole - Tilstandsrapport 2014-15 Olsvikåse     |
|  Vedlegg 13 - Olsvikåsen videregående skole - Plan for kartlegging startsamtale      |
|  Vedlegg 14 - Olsvikåsen videregående skole - Elevundersøkelsen skolen total 14-1    |
|  Vedlegg 15 - Olsvikåsen videregående skole - Eksempler kartleggingsprover           |
|  Vedlegg 16 - Olsvikåsen videregående skole - 1 og IV host 2015 STUSP                |
|  Vedlegg 17 - Olsvikåsen videregående skole - Plan for basisteammoter 2015-2016.x  |
|  Vedlegg 18 - Olsvikåsen videregående skole - Mal for rapportering 1 og IV         |
|  Vedlegg 19 - Olsvikåsen videregående skole - Mal for referat basisgruppemote      |
|  Vedlegg 20 - Olsvikåsen videregående skole - Årshjul for kontaktlærere            |
|  Vedlegg 21 - Olsvikåsen videregående skole - Mal enkeltvedtak skjema særskilt sp  |
|  Vedlegg 22 - Olsvikåsen videregående skole - Særskilt språkopplæring minoritetss  |
|  Vedlegg 23 - Olsvikåsen videregående skole - Årshjul 2015-16 OLV-Personal ny1.xl  |
|  Vedlegg 24 - Olsvikåsen videregående skole - Årshjul 2014-2015                    |
|  Vedlegg 25 - Olsvikåsen videregående skole - Soknadskjema studieverkstedet        |
|  Vedlegg 26 - Olsvikåsen videregående skole - Kontrakt Studieverkstedet            |
|  Vedlegg 27 - Olsvikåsen videregående skole - MAL- VELKOMMEN TIL MEDARBEIDERSAMTA  |
|  Vedlegg 28 - Olsvikåsen videregående skole - Eksempel på avdelingsmoteplan host   |
|  Vedlegg 29 - Olsvikåsen videregående skole - Profesjonssamarbeid Knut Roald       |
|  Vedlegg 30 - Olsvikåsen videregående skole - Program personaleseminar Olsvikåsen  |
|  Vedlegg 31 - Olsvikåsen videregående skole - Program planleggingsdagene 12 13     |
|  Vedlegg 32 - Olsvikåsen videregående skole - ÅRSHJUL RESSURSTEAM OLV 2014-15 1    |
|  Vedlegg 33 - Olsvikåsen videregående skole - 1 og IV host 2015 STUSP              |
|  Vedlegg 34 - Olsvikåsen videregående skole - fravær og sluttere skoleåret 2015-1  |
|  Vedlegg 35 - Olsvikåsen videregående skole - Rutiner for kontaktlærere ved elevfr |
|  Vedlegg 36 - Olsvikåsen videregående skole - Undervisningsevaluering 2014-15      |
|  Vedlegg 37 - Olsvikåsen videregående skole - MAL- VELKOMMEN TIL MEDARBEIDERSAMTA  |
|  Vedlegg 38 - Olsvikåsen videregående skole - Notat Arild Raaheim                  |
|  Vedlegg 39 - Olsvikåsen videregående skole - Professor Arild Raaheim sine læring  |
|  Vedlegg 40 - Olsvikåsen videregående skole - Vurdering for læring endelig versjo  |
|  Vedlegg 42 - Olsvikåsen videregående skole - utvikling_av_egen_praksis            |
|  Vedlegg 43 - Olsvikåsen videregående skole - Oversikt fagsnacks og fagsuppe       |